

Fylkesrådmannen

Sogndal 3. juli 2018

Innspel til handsaming av sak 78/18 og 79/18 i fylkesutvalet 04.07.18.

Visit Sognefjord AS har følgjande innspel til handsaminga av sak 78/18 *Skaldegard – ny handsaming* (sak nr 17/8296-18) og 79/18 *Søknad om løyvefritak for småskala turistverksemd Flåm Guideservice AS* (sak nr. 18/6842-3):

- Dersom Skaldegard AS får medhald i klagen som er til handsaming i Samferdsle - departementet bør både Skaldegard og Flåm Guideservice få erstatta føreslegne mellombelse løyvefritaket av eit vanleg løyvefritak (3 år). Dette bør vurderast inn i framlegg til tilråding i sak 79/18 (sak nr. 18/6842-3). Bakgrunnen for dette er at begge verksemdene vert vurdert i saksutredninga som tilsvarande knytt til Samferdselsdepartementet sitt rundskriv N-7/2017- *Nye retningslinjer for midlertidig fritak fra kravet om løyve for transport med personbil - Småskala reiseliv* og såleis bør handsamast likt.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune bør praktisere tilsvarande praksis knytt til løyvefritak som til dømes Nordland fylkeskommune og Troms fylkeskommune der det er gitt ei rekkje løyvefritak til liknaden næringsverksemd. Til trass for at Samferdselsdepartementet legg opp til individuelt skjønn knytt til vurdering for tildeling av løyvefritak i rundskriv N-7/2017 vil det vere rimeleg at Sogn og Fjordane som eit stor reiselivsfylke har ein praksis på dette som samsvarer med andre tilsvarande fylkeskommunar.
- Visit Sognefjord AS ber om å få kome med innspel til prinsipiell politikk/prinsipp knytt til løyvefritak i fylkeskommunen før vedtak innan 1. april 2019

Ståle Brandshaug



Reiselivsdirektør

Visit Sognefjord AS